

# JUSTERING AV BOMPENGETAKSTANE FOR FERJESTREKNINGANE GJERMUNDSHAMN-ÅRSNES OG VARALDSØY-ÅRSNES FRÅ 01.01.2020.



Bompengeneinnkrevjinga på ferjesambanda Gjermundshamn-Årsnes og Varaldsøy-Årsnes er vedteken i Stortinget 4. november 2008 i samband med behandlinga av St.prp. nr. 2 (2008-2009).

Det pågår bompengeneinnkrevjing til prosjekta Årsnes ferjekai og Løfallstrand på ferjestrekningane Gjermundshamn – Årsnes og Varaldsøy - Årsnes. I dag er takstane i ferjesambanda fastsett i samsvar med Riksregulativet for ferjetakstar, med ferjestrekningane i prissone 6, og eit bompengepåslag på 4 takstsoner.

På ferjestrekningane Gjermundshamn – Årsnes og Varaldsøy - Årsnes er det bompengar på passasjerar i tillegg.

Frå 1. januar 2020 vil Vestland fylkeskommune gå frå Riksregulativ for ferjetakstar til AutoPASS-regulativ på dei aktuelle ferjestrekningane. I dag er bompengepåslaget 4 takstsoner. For å få kunne legge til grunn om lag like bompengetakstar for køyretøya vil ein ta ned bompengepåslaget til 3 takstsoner i AutoPASS-regulativet. Samtidig vert ordninga med bompengavgift på passasjerar avslutta. Fylkesutvalet i Vestland har i møte 3. desember 2019, sak PS11/2019, slutta seg til dette. Det vert innført bompengetakst for nullutsleppskøyretøy under 6 m i samsvar med vedtak i fylkesutvalet i Hordaland 25. oktober i sak 254/18 og igjen i fylkesutvalet 28. mars 2019 i sak 45/19.

**Tabellen under syner nye prisar etter innføring av AutoPASS-regulativet for alle takstgruppene (køyretøygruppene):**

	Bompengetakst (påslag 3 takstsoner)
AP1 < 6 m	Kr 27,00
AP2 6,01-8 m	Kr 61,00
AP3 8,01-10 m	Kr 79,00
AP4 10,01-12,5 m	Kr 88,00
AP5 12,51-14,5 m	Kr 88,00
AP6 14,51-17,5 m	Kr 98,00
AP7 17,51-19,5 m	Kr 92,00
AP8 19,51-22 m	Kr 99,00
AP9 >22m	Kr 109,00
Motorsykkkel	Kr 8,00
Nullutsleppskøyretøy <6m	Kr 13,00

Merk at prisane skal oppjusterast til 2020-takst ved innføring av AutoPASS-regulativet 1.1.2020. Prisane er rekna frå dagens takstsoner for ferjetakstar på dei to aktuelle strekningar som er 6 takstsoner.

## FRITAK

**Det vert gjeve fritak for betaling av bompengar etter ei kvar tid gjeldande takstretningline. Per i dag gjeld dette:**

- Passasjerar i alle typar køyretøy
- Gåande og syklande
- Nullutsleppskøyretøy > 6,01 m
- Kollektivtransport i konsesjonert rute\*
- Uniformerte utrykningskøyretøy, samt sivile utrykningskøyretøy i tenesteopprag\*

Rabattar og fritaksordningar merka med \* krev gyldig elektronisk brikke og -avtale.

**Takstendringa kan påklagast til Samferdselsdepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Vegdirektoratet.**

Merk at denne kunngjeringa gjeld berre omlegging av bompengetakstar på ferjesambanda.

**For meir informasjon om innføring av AutoPASS for ferje og forskotsavtalar:** <https://www.autopassferje.no/>